

Trønderlaget,
v/ Olav Kuvås,
7353 Børsa

Trondheim, den 7. mai 2012

Kulturdepartementet,
Oslo

Om framlegg til endring i *Lov om stadnamn*.

Trønderlaget, som er fellesorganisasjonen for mållaga i Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag sør for Namdalen, har i dag på styremøte gjort følgjande vedtak for kommentar til framlegget til endring i Lov om stadnamn:

Trønderlaget har tidlegare ytra seg kritisk til stortingsvedtaket 13. januar 2009 der Stortinget slutta seg til framlegget frå høgrerepresentantane Olemic Tømmessen og Øyvind Halleraker om at "endring av bruksnamn ikke kan skje uten grunneiers samtykke". Dette botnar i ei privatrettsleg oppfatning frå forslagsstillarane om at "slektsnamn følger gårdsnamn, har lange tradisjoner i vårt land". Slik er det ikkje. Gards- og bruksnamn var adresser dei fleste stader til først på 1900-talet, og slektsnamn vart først pålagt ved vår første personnamnlov av 1923.

Det har såleis gjennom all tid vore ansvaret til samfunn og styresmakter å ta vare på dei nedarva gards- og bruksnamna og å gje dei ein forsvarleg skrivemåte. Dette er etter vårt syn ikkje berre ein samfunnsrett, men òg ei samfunnsplikt. Den noverande stadnamnlova tek etter vårt syn godt vare på dei ulike brukarane, både i lokalsamfunna så vel som storsamfunnet.

Med dei endringane som departementet no foreslår (§ 6 og § 8 i lova), vil det etter kvart bli ei mengd med dobbeltformer for same staden, slik t.d. bruksnamnet Mohn og gardsnamnet Moen, eller Wahl og Val, Halleraker, Halderaker, Hallaråker osv. Dessutan vil det lett føre til lokal strid om kva for skriftform ein skal bruke, gards- eller bruksnamn, òg avleidde namn, t.d. i kommunale samanhengar.

Særleg alvorleg vil slike dobbeltformer vera når ein skal lokalisere ulike stader (t.d. ved bruk av GPS) – vi tenkjer særleg på redningstenesta, ambulanse- og brannutrykkingar. Prinsippet om at ein stad skal ha berre eitt namn og ei skriftform i norskspråklege område har stått sterkt. Framlegget om endring av Lov om stadnamn vil skiple dette, og Trønderlaget vil rå ifrå det.

Å føre inn slektsnamnskrivemåtar som Mohn og Schiefloe (Skjeflo) vil dessutan føre til at namna blir uforståelege for folk flest, og dei språklege røtene vil bli rivne av. Slik vil òg den foreslåtte endringa av lova bryte med den kulturverntanken som er ein berebjelke i den noverande lova.

På denne bakgrunnen vil Trønderlaget rå ifrå at ein endrar Lov om stadnamn.

Olav Kuvås, leiar

